

Et sosial-ontologisk perspektiv på konfliktane i utmarka

Eirik Magnus Fuglestad¹ og Bjørn Egil Flø²

¹Ruralis - Institutt for rural- og regionalforskning

²NIBIO - Norsk institutt for bioøkonomi

Samandrag

«KAMPEN OM utmarka» var tittelen på den nasjonale temakonferansen som Norsk Bonde- og Småbrukarlag inviterte til på Gardermoen seinhausten 2022. Nett den tittelen var sjølvsagt ikkje tilfeldig, tvert om speglar den kjensla jamt fleire beitebrukarar i utmarka opplever om dagen, dei opplever at det går føre seg ein kamp om kva utmarka er og kva den skal vere. Denne artikkelen handlar nettopp om kva utmarka er. Den handlar om kva me grunnleggande sett snakkar om når me snakkar om utmark. Sagt på ein annan og litt meir filosofisk måte så handlar artikkelen om utmarkas sosiale ontologi og om korleis nett denne ontologien spelar seg ut i den daglege praksisen og forvaltinga av utmarka. Forfattarane argumenterer for at etter fleire tusen år med agrar dominans der jordbrukets interesser og behov har vore mesta einderådande, er det no forskjellige og konkurrerande ontologiar om kva utmarksområda eigentleg er. Med dette melder også spørsmålet seg om me i det heile teke kan og bør snakka om utmark lenger i forvaltning, forsking og politikk. For det kan skjula og fåkelegga, meir enn det klargjer for dei mange konfliktane som finn stad.

Nøkkelord: ontologi, utmark, jordbruk, industri, villmark, konflikt

Engelsk tittel: A social-ontological perspective on conflicts in the outfields

Abstract

Today, and for quite some time now across those vast land areas in Norway that have traditionally been understood as outfields, an ongoing debate surrounds the definition about what the outfields should be. This article aims to explore what the outfields are, delving into the fundamental concepts that underlie discussions about them. To put it more philosophically, the article is about the social ontology of the outfields, examining how various ontologies are shaped and is acted in everyday practices in the areas that most of us still refer to as the outfield. The authors argue that, after several thousands of years dominated by agrarian practices where farmers had considerable control over the use of outfields, there are now competing and diverse ontologies emerging in these areas. This realisation raises the question of whether it is still relevant to discuss outfields in research and policy making. The concern is that doing so may confuse and obscure current uses, interests and practices and the conflicts related to them.

Key words: ontology, outfields, agriculture, industry, wilderness, conflicts

Eit nytt blikk på utmarka

Sjølv omgrepet utmark ber i seg ein sterk agrar arv. Det minner oss om eldgamle praksisar og kulturelle band til jordbruket og det jordbruksbaserte samfunnet og knyt seg tett opp til omgrepene innmark. Ingen av desse to omgrepa, korkje utmarka eller innmarka, kan stå aleine. Både er gjensidig avhengige av kvarandre for å ha mening, utan innmark finst ikkje utmark og utan utmark finst ikkje innmark. Forholdet mellom utmark og innmark er også noko antropologen Sidsel Mæland (2006) er inne på når ho skriv at omgrepsparet innmark og utmark «... representerte en dualistisk struktur i norske tradisjonsmiljøer». Ho argumenterer for at det har vart skapt to handlingsfelt med utgangspunkt i dyrka og udyrka mark, der innmarka var trygg og prega av orden, medan utmarka var utrygg og prega av kaos. Slik hevdar ho at innmark og utmark er eins med omgrepsparet kultur og natur.

Mælands argument er både godt og interessant, det gir også eit godt grunnlag for å forstå det norske tradisjonsmiljøets ambivalente forhold til natur. Samstundes unnlét Mæland å drøfte korleis utmarka i praksis vart mesta «kultivert» gjennom etablering av reglar for samarbeid som vaks fram i takt med at jordbruket festa seg og starta prege samfunnet. Desse reglane – i form av normer, skikkar og etter kvart også lover – var med på å endre synet på utmarka. Det var særleg gjennom rettar – eigedoms- og bruksrettar – at utmarka vart utmark i tydinga ei forlenging av den lokalt bufaste si innmark. Samstundes, og i motsetnad til det me langt seinare såg skje i den anglosaksiske tradisjonen, vart likevel ikkje rettane absolutte, og heller ikkje vart rettane knytt til einast geografiske grenser, men me utvikla eit eigedomssystem i tråd med det Robberstad (1963) kalla kløyvd eigedomsrett. Dette var ein meir flytande eigedomsrett knytt til ressursgrensene snarare enn dei reitt geografiske grenser. Slik vart det lagt eit grunnlag som nødvendiggjorde samarbeid mellom utmarksbrukarane som også utvikla sofistikerte reglar for at samarbeidet skulle fungere. Alt dette «kultiverte» utmarka og gjorde at den vart tett knytt opp til jordbruksamfunnets funksjonelle behov. Slik skapte samfunnet utmarka som røyndom.

Det er nett denne typen endringar me ønskjer å drøfte i denne artikkelen. Gjennom å stå i samtid og sjå den i lys av fortida vil me freiste å seie noko om framtida. For likeleis som at jordbruket prega samfunnet då det feste seg vil me sjå at samfunnet også vert prega av at jordbruket har starta å miste festet. Kva skjer med utmarka når jordbruket ikkje lenger pregar samfunnet like sterkt som det har gjort i fleire tusen år? Kva konsekvensar får dette for bruken av dei store områda av Noreg som i den agrare verda har vore definert som utmark? Korleis vil me forstå desse områda i framtida, vil dei bli sosialt omgjort til noko anna og nytt? Me forfattarane skal reflektera over dette i resten av denne teksta, og teksten er først og fremst ein «tanketekst», eit oppspel til diskusjon der me tidvis gjer store generaliseringar og delvis forenklingar. Artikkelen er ikkje meint som eit empirisk prov, men som eit empirisk fundert oppspel til debatt. Me skal bruka det me kallar eit ontologisk blikk i denne analysen, og det skal me koma tilbake til. Fyrst skal me seie litt om bakgrunnen for kvifor me treng ei ny analyse av utmarka.

Kampen om utmarka

«*Me har tolta og tolta så altfor lenge*». Utsegna kom frå ein av deltakarane på Norsk Bonde- og Småbrukarlag sin nasjonale temakonferanse «Kampen om utmarka» seinhausten 2022. Etter eitt av faginnleggda røyste ein godt vaksen bonde seg opp i salen og fortalte om korleis beiteområdet, der han og fleire av hans sambygdingar hadde beita sau og storfe i generasjonar, hadde krympa som eit resultat av at jamt fleire andre aktørar stadig har teke meir areal i bruk. Han snakka om kraftutbygging med tilhøyrande ned-demming av store areal på 1970-talet. Han snakka om alle bøndene som trappa ned og avvikla beitebruken oppgjennom 80- og 90-talet, og han snakka om at dei vart færre å dele fellesoppgåvane med. Han snakka om eit friluftslivet som hadde endra seg frå å vere vart og skånsamt, eit friluftsliv som gjekk godt i hop med den tradisjonelle beitebruket, men som etter kvart var blitt prega av opplevingar i form av spenning og fart. Eit friluftsliv som jamt oftare gjorde det vanskeleg for beitebrukarane.

Og ikkje minst snakka han om hyttebygging med tilhøyrande vegnett og konfliktane han meinte kom av at hyttefolket ikkje veit korleis dei skal te seg overfor beitedyra. Fleire hang seg på innlegget åt den eldre beitebrukaren og kunne fortelje om årevisse episodar der laushundar har jaga sau til døde og om lam som har vasa seg inn i provisoriske gjerder som hyttefolket har sett opp for å halde dyra vekke frå terrassane på hytta. Etter kvart breidde forteljingane seg ut, etter kvart handla dei om meir enn einast vilkåra for beitebruken aleine, men også om naturtap og dei verkeleg store utfordringane me står overfor om dagen.

Me kjende att forteljingane frå salen. Me kjende dei att frå individuelle samtalar med beitebrukarar kring om i heile landet og likeleis kjende me dei også att får dei akademiske fagkonferansane. Fleire som har vore opptekne av utmarka har peika på at det er mange og tildes store konfliktar som spelar seg ut i dette så tilsynelatande fredelege landskapet (Flemsæter & Flø, 2021; Skjeggedal et al., 2001; Winge, 2013). Me har sett det i samband med vasskraftutbygging, gruveindustri og ikkje minst i vindkraft- og hytteutbyggingssaker. Konfliktane riv i forholdet mellom grannar så vel som mellom familie og vene, dei tærer på tillita mellom folk og forvalting.

Mykje av litteraturen innan feltet utmarksforskinga har freista å finna løysingar på korleis forvaltinga kan og bør handtera kompleksiteten i konfliktar mellom dei ulike interessene i utmarka (e.g. Ostrom, 1990; Sandström et al., 2008). Fleire av studiane ser til planlegging (e.g. Skjeggedal et al., 2021), ulike justeringar av forvaltingsmodellane (e.g. Skjeggedal & Clemetsen, 2017) som ofte inkluderer ei breiare deltaking i sjølve forvaltinga (e.g. Reed, 2008). Men berre få har drøfta dei ontologiske føresetnadane og føringane for desse konfliktane. Me vonar at det i det ontologiske perspektivet kan ligga ein lykel som skal kunne låse opp konfliktane. Me vonar at om me berre evnar å forstå, samt å erkjenne, ontologien som ligg til grunn for dei ulike grupperingane si forståing av kva utmarka er og kva den skal vere, så vil det kunne hjelpe både planlegginga og det praktiske forvaltingsarbeidet. For, ein ting er å løysa konfliktar mellom partar som er inneforstått med at område for konflikt er ei utmark. Noko anna er det når ein eller fleire av partane ser på område for konflikt som noko ontologisk anna, til dømes som villmark. Skal me kome i inngrep med konfliktane lyt me evne å sjå konfliktane frå dei ulike interessentane sitt perspektiv, me lyt forstå grunnlaget for dei ulike oppfatningane folk har om kva som er. Fyrst då kan me ta fatt på oppgåva med å prøva løysa konfliktane. Men, dette her med ontologi og forskjellige ontologiske blikk kan nok høyrast både kryptisk og framand ut. I det neste avsnittet skal me difor forklare kva me meiner med ontologi i denne samanhengen, og vonleg vil det då vere mindre kryptisk og djup-filosofisk enn slik det kanskje fyrst høyrdest ut.

Ontologi – ei ramme for forståing

For å drøfta og belysa den type skifte me snakkar om, lyt me altså ty til nett dette teoretiske omgrepet ontologi. Me snakkar ikkje her om den djupfilosofiske diskusjonen om kva som eigentleg er og reint faktisk finnast, men om ein sosial prosess der menneske, via institusjonar og praksisar, formar røyndommen og legg rammer for korleis den skal forståast. Den amerikanske sosiologen Michael Carolan (2004) har kalla dette for ein «pragmatisk sosial ontologi» og forklarar det med at det er praksisen vår som definerer kva som *er*, og korleis det er. I denne teksta vil me legge oss opp til Carolan sitt ontologiomgrep og reflektere over den norske utmarka som eit døme på nett ein slik pragmatisk sosial ontologi.

Her heime har Tor Arnesen (2000) argumentert for at utmarka er ontologisk samansett av ulike delar (men utan at han eksplisitt ser dette som ei ontologisk analyse). Arnesen hevdar at «... *utmark er en integrert del av rettstilstand, politikk, økonomi, makt og forvaltingsapparat*», og argumenterer for at skiljet mellom utmark og anna type grunn vil vere eit levende og kontroversielt tema i framtida som det er i notida like som det har vore i fortida. Alle desse ulike delane som Arnesen nemner, utgjer det me i sum kallar utmark og alt er del av nettopp utmarkas ontologi.

Dette er med på å forme korleis me sosialt forheld oss til dei områda som i dag kallast utmark, ikkje berre geografisk og materielt, men også korleis me forheld oss til dei kulturelle og immaterielle verdiane som finst. Det er med på å forme praksis og moral, og heile vår forståing om kva utmarka er og kva den skal vere. Det er med andre ord med på å ikkje berre forme utmarkas røyndom, men også utmarka som røyndom.

Utnarka er forma av at ting, område, praksisar og kultur er sett saman på ein heilt særskild måte som med det vert til sosial røyndom for oss. Den vert med andre ord til noko me forheld oss til, brukar og ser på, på bestemte måtar. Slik kan me sei at utmarka på eit vis er sosialt laga, det er me som mennesker som «integrerer» – som Arnesen (op.cit.) seier – utmarka i mellom anna jussen, politikken, økonomien og forvaltinga.

Vårt perspektiv på ontologi – og får så vidt også Carolan (2004) sitt perspektiv, sidan det er hans perspektiv me lårer her – følgjer det nokre har kalla ei *ontologisk vending* innafor samfunnsvitskapen (Escobar, 2007). Dette fordrar også det berande spørsmålet Hugh Campbell (2020) stiller i boka *Farming Inside Invisible Worlds*, nemleg: Kva er dei sosiale og materielle relasjonane og prosessane som inngår i det å forma eller konstruera dei tinga me forheld oss til? For å kunne svare på det treng me å vite korleis dei sosiale og materielle prosessane set grenser, kategoriserer og set ting i hierarkiske relasjoner til kvarandre i kvardagen vår. Det er dette me meiner når me snakkar om utmarkas sosiale ontologi. Me meiner at utmarka blir til det me som samfunn til ei kvar tid forstår den til å vere. Dette betyr ikkje at ingenting eigentleg finnast, eller at alt er konstruert. Det handlar berre om å anerkjenna at me som menneske og samfunn til ei kvar tid legg føringar for korleis og kva røynda er. Det betyr at det ikkje er gitt at det er utmark som er, for utmarka er sosialt laga over tid, og med tida som kjem blir utmarksområda kontinuerleg tolka og endra – kanskje til noko anna? Alt dette endrar seg over tid med endrande samfunnstilhøve. Nett det såg me ved overgangen frå veidekultur til jordbrukskultur. I takt med at jordbrukskulturen vart dominante gjekk også veidemarka over til å bli nettopp utmark. Dette skjedde som følgje av at dei bufaste bøndene vart mange og sterke nok til å dominere og dermed også definere samfunnet og med det også dei sosiale reglane i samfunnet. Bøndene gav seg sjølv og sine like – dei med eigarskap til innmark – særskilde rettar også i utmarka. Spenninga mellom private og allmenne rettar er heilt sentralt i å skjøna korleis utmark vart til som ontologisk kategori, og denne spenninga meiner me også er sentral for å skjøna dei endringane som no skjer i synet på utmarka. Mykje kan tyda på at desse to kategoriane er i ferd med å bli grunnlaget for nye ontologiar for dei områda som enno kallast for utmark av mange. Derfor skal me i det følgjande bruka litt plass på korleis dei agrare kategoriane og praksisane knytt til private og allmenne rettar vart til.

Ressursen, grunneigaren og fellesskapets forvaltingstradisjon

Somme vil kanskje seie at dei bufaste bøndene formeleg tok seg rettar i utmarka. Og det gjorde dei nok, men dei gjorde det sakte. Parallelt med at rettane sakte vart tettare og tettare knytt til dei bufaste, grunneigande, bøndene, kom også fellesskapet – gjennom Konge og stat – inn og sette grenser for grunneigarane sin eigarskap. Tor Arnesen har peika på at skilje mellom fellesskapet sine rettar og grunneigarane sine rettar er heilt grunnleggjande for utmarka. Utmarka, skriv han, er: «en politisk kamp mellom grunneierskapet og fellesskapet» (Arnesen, 2000).

Spørsmålet om jakttrett kan vere eit tidleg døme på dette. For blar me i dei gamle lovtekstane våre som Frostatingslova så vel som Gulatingslova – som både kom til lenge etter at jordbruket hadde starta dominere samfunnet – finn me at spørsmålet om grunneigaren sin jakttrett kontra ålmentas frie jakt vert detaljert omtala (Frostatingslova, 1994; Gulatingslovi 1937). Dette stod seg gjennom Magnus Lagabøtes landslov av 1270 og heilt fram til Christian V's Norske lov av 1687, då me fekk ei ytterlegare innskrenkinga av ålmentas jakt ved at det då vart eksplisitt nemnt at hjort berre måtte fellast av grunneigar (Flø, 2015; Tjos-Hanssen, 1983).

Det mest interessante med Christian den V's Norske lov var likevel at samstundes med at ålmentas tilgang til hjortejakt vart innskrenka, så fekk me også den første innskrenkinga av jakttida på hjort. Med den innskrenkinga vart viltforvaltinga ei sak for ikkje einast grunneigaren, men for Kongen og heile samfunnet. Kanskje er dette eitt av dei fyrste steiga mot det Arnesen (2000) kallar *fellesskapets forvaltingstradisjon*. Det skulle uansett langt frå vere det siste. Åra frå sist på 1600-talet og fram mot den fyrste Jaktlova av 20. mai 1899 er prega av at ålmenta får

ei tydlegare stemme i spørsmål som gjeld viltforvaltinga. Likevel vart grunneigaren sin jaktrett styrkt med den nye lova då dei fekk rett til jakt på alt matvilt.

Men den som einast ser på lovtekstane og ikkje veg tekstane opp mot det samtidige ordskiftet vil fort tolke alle desse institusjonelle endringane som ei styrking av den bufaste grunneigaren sin posisjon i utmarka, men slik me ser det representerer dei samstundes også ei dreiling mot fellesskapets forvaltingstradisjon. Tross alt spelte ein stor del av ordskiftet om jakta seg ut i ei samtid der det offisielle Noreg leita etter seg sjølv. Dette var midt under bygginga av den nye norske identiteten, det var under danninga av vår eigen identitet etter fleire hundre år som dansk-norsk. Nye, liberale, ja mesta radikale idear spreidde seg frå kontinentet og prega kunsten så vel som kulturen og tankane å våre heimlege intellektuelle. Med kommunelovene som passerte Stortinget fyrste gong i 1837 vart fellesinteresse og folkestyre veklagt. Og som Arnesen (2000) skriv var kommunepolitikk til liks med kommunale vedtaksprosessar tufta på «*verdier som åpenhet og innsyn, likhet og bred deltagelse, representativitet ved valg, beslutning ved flertall, plan og politikkutforming for å fastlegge intensjoner og prioriteringer osv.*». Det er desse verdiane Arnesen omtalar som *grunnleggande* for dei lange linene i den norske forvaltinga og som også ligg til grunn for det lange arbeidet med å utvikle Plan- og bygningslova, eit forvaltingsinstitutt som skulle avvege fellesskapets og grunneigarskapets interesser.

Det same kan me sjå med Vassdragslova av 1887 og dei seinare konsesjonslovene av 1917. I 1887 lova vart den private eigedomsretten til vassdraga sett ned som prinsipp, noko som var spesielt i Europeisk samanheng der vassdraga ofte var sett som fellesskapets eigedom. Likevel kom konsesjonslovene seinare til å gripe kraftig inn i denne private eigedomsretten til fordel for fellesskapet sine rettar. I 1918 stadfesta også høgsterett at ei slik innskrenking av den private eigedomsretten til fordel for fellesskapet var i samsvar med den norske grunnlova (Slagstad, 1998).

Me nemner desse døma fordi samspelet og spenninga mellom det private og det allmenne er ei viktig ramme kring utmarkas ontologi slik den har vore til no, og fordi me kan sjå at denne spenninga også er sentral i potensielle nye ontologiske forståingar som er i ferd med å ta form i dei områda me no kallar utmark. Når dette er sagt, så må me også sjå på dei materielle føresetnadane som desse to interessesfærane (det private og det allmenne) oppstod i. Det er jo slik at desse to omgrepene har vore forstått, tolka og brukt i ein agrar tradisjon. Og denne agrare arva har vore førande for korleis utmarka har vorte til som ontologisk kategori. På same vis er forsvinninga av det agrare Noreg sentralt for dei endringane og dei konfliktane me no ser.

Utmarka i endring

Noreg var lenge, og lenger enn mange andre Europeiske land, eit land dominert av primærnæringane. Ved inngangen til 1800 talet var 80 prosent av folket i Noreg knytt til jordbruk eller andre primærnæringer (Pryser, 1999 s. 32). Og først nitti år seinare – i 1890 – utgjorde talet på sysselsette i primærnæringane mindre enn halvparten av den totale arbeidstokken i Noreg (Nerbøvik, 1999 s. 20). Ulikt dei fleste andre vestlege land auka faktisk talet på gardsbruk her heime heilt opp til 1950, og først derifrå og utover starta talet på sysselsette i industrien å krysse forbi primærnæringane (Brox, 2016). I heile denne perioden, og enno ei stund framover, var jordbruket svært nært knytt til det som i denne samanhengen vart kalla for utmarka; utmarka var ein viktig del av ressursgrunnlaget for dei fleste husdyrbruk, og mange bureisingsbruk hadde også blitt rydda og utmark vart gjort til innmark (Almås, 2002; Brox, 1989; Randen, 2002). Dimed forma jordbruket utmarka som ein agrar sosial ontologi langt inn i moderniteten.

Fyrst på 70 talet starta endringane som den industrielle moderniteten bar med seg å syne seg kring om i dei fleste gredene i landet. Rett nok hadde fleire gredener, særleg gredene kring dei større industrisentra våre og delvis også kring dei større byane og tettstadane, nok merka endringane før det også, men først på 70-talet var også dei mest agrare gredene råka av at landbruket tapte til fordel for industrien. På Hitra i Trøndelag gjekk bøndene til skattenekt og hitraopprøret, som det etter kvart vart heitande, skaka dei landbrukspolitiske fora. I kjølvatnet av dette vedtok Stortinget i 1975 ein plan for å auka inntektene i jordbruket. Sjølv om noko av intensjonen bak dette

var å bremsa nedlegginga av gardsbruk, haldt trenden fram også etter 1975, samstundes med at dei auka pengeoverføringane til jordbruket var med på å framskynda overgangen til ein ny type jordbruk der utmarksbruk vart ein stadig mindre del av den vanlege drifta. Reidar Almås (1977) har kalla dette for «det nye hamskiftet» i norsk jordbruk.

På dette punktet har me forfattarane lyst å dele litt frå våre interne diskusjonar under skrivinga av denne teksta. Dette kan vera med på å utdjupa nett dei endringane som skjedde etter 1970-talet. Og, desse endringane har delvis gjort at me har forskjellige ontologiske syn på utmarka. Me var nok begge to lite førebudd på at me eigentleg hadde såpass ulike forståingar om kva utmarka er. Trass det at me begge har vakse opp på gard og at me har vore aktivt involvert i gardsarbeidet i heile oppveksten og godt inn i vaksenlivet så ser me likevel ulikt på utmarkas rolle som jordbruksmark. Noko av det skuldast kanskje geografi, at den eine av oss er nordvestlending og den andre sørvestlending, den eine har ein fjellfot å stø ryggen mot medan den andre har mest heiari og gråsteinsrabbar på alle kantar. Men mest tenkjer me det skuldast alder, mest tenkjer me at det skuldast tida kvar av oss har vokse opp i.

Den eine av oss er føydd kring midten av 1960-talet og vaks opp med ein fot i det gamle- og ein i det nye landbruket. Han nådde arbeidsfør alder om lag då opptrappinga på 70-talet slo inn over jordbruket. Dei fyrste minna om gardsarbeid handlar mykje om å sjå til dyra på utmarksbeite – sau, kviger og sine kyr. Det meste av arbeidet knytt til det å ha dyr på utmarksbeite var ofte organisert som samarbeid mellom grannane. Vårane stod grannane saman å vøla utgarden – gjerdet mellom innmarka og utmarka – etter vinterens herjingar. Også tidspunktet for når ein slapp dyra ut i utmarka var noko ein gjerne måtte verte samd med grannane om. Og gjennom heile sumaren delte ein på tilsynsarbeidet det beste ein kunne. Den store hendinga var likevel sinkinga. Å drive flokkar av sau heim kunne vere slitsamt, men arbeidet styrka dei sosiale banda mellom sambygdingar. Alt dette var framleis verksamt då den eine av oss vaks opp. Samstundes såg han at endringane var i full gong. Det mangfaldige småbruket som i 1970 dreiv med mjølkeproduksjon, sau, oppforing av smågris, egg, gulrot og potet spesialiserte seg til eit reint mjølkebruk på under to år. Heimbygda hans skifte ham etter kvart som Brøyt'ane arbeida seg gjennom myrane og transformerte dei til mørkegrøne timoteienger. Gradvis såg han effektane av 70-talets politiske vedtak om opptrappinga då bygda hans sakte vart omdanna frå småbruksbygd til fåbruksbygd.

Den andre av oss er føydd heilt sist på 1980-talet. Han er fyrstefødd og odelshavar på eit mjølke- og sauebruk sør aust i Rogaland, og skulle slik sett ha alle føresetnadane til å kjenne utmarka som ein konsekvens av at det tradisjonelt nettopp har vore drøvtyggerbruka som har nutta utmarka oppgjennom historia. Likevel var det fyrst her nyleg at dei tok opp att beitinga på heiane kring garden. I barne og ungdomsåra hans hadde både sau og storfe beita i marka heime og slik hadde han ikkje vorte like innforstått med alle dei praksisane og dei institusjonane som utgjer den agrare utmarka. Tvert om var han heller vand å tenkja på fjella og heiene som ein slags «rein og urørt natur» til turgåing på DNT sine merka stiar frå hytte til hytte. Oppvaksen som han var med det nye spesialiserte og profesjonaliserte jordbruket, og ved inngangen til det sokalla post-industrielle samfunnet. For han var utmark lenge et mest ukjend ord som han ikkje møtte før han kom til bygdeforskinga og bygdesosiologien, og då som noko ganske framand og abstrakt.

Kanskje var dette nett fordi dei institusjonelle rammene og mange av praksisane i utmarka var ganske usynlege for blikket hans i fjella og heiane som no låg i eit postindustrielt samfunn som han sjølv var del av. Han hadde rett og slett eit anna ontologisk blikk, han såg noko anna enn ei agrar utmark.

Desse 25 åra som skil oss, frå å vere føydd midt på 60-talet kontra sist på 80-talet, utgjer eit viktig skilje i dei ontologiske føresetnadane me har til å forstå utmarka. Tidsspennet rommar store endringar i den norske kulturen så vel som næringsstrukturen og landskapet. Sjølv om mange gardsbruk ikkje lenger nutta beiterettane sine på 1960-talet, var utmarka framleis på mange vis «... dei agrare grendenes gratis fellesressurs», som Flø og Flemsæter (2021 s. 11) skriv. Men mykje har endra seg sidan 1960-talet. Frå ein topp på om lag 200 000 gardsbrukbruk i 1950 har me i dag litt færre enn 37 000 bruk, som svarar til om lag 2 prosent av sysselsettinga (SSB, 2023). SSB forskarar snakkar om eit landbruk som berre mellom 1989-2019 hadde ei strukturutvikling som gjorde at næringa: «Nesten ikke [er] til å kjenne igjen» (Bjørlo & Rognestad, 2019). Sjølve bruken av utmarka har

også gått ned i jordbruket i denne perioden. Til dømes får mjølkekyr no under 10 prosent av fôropptaket sitt frå beite (Strand, 2021), og det meste av dette beite er heller ikkje for utmark å rekna. Bruken av stølar og setring har gått kraftig ned. I år 2018 var det 1057 setrar att i landet, og dette var då 60 prosent færre enn i år 2000 (Bunger & Haarsaker, 2020). Saue og reindrifta brukar framleis utmarka som ein viktig del av drifta, men også her er talet på brukarar på veg ned. Poenget her er berre å peika på at det samfunnet som skapte utmarka som sosial ontologi ikkje lenger er det samfunnet me har i dag, og her har me sett ei gradvis oppløysing sidan 1960-talet. Det var bestemte materielle forhald, og lover og praksisar som forma utmarka sin sosiale ontologi i jordbruksdominerte samfunnet. Praksisar med beiting og hausting var viktige, sameleis som dei juridiske kategoriane knytt til bruksrettar og allmenningar var det. Dei juridiske og dei formelle og uformelle rammene kring utmark er der framleis i dag, men dei blir utfordra av at samfunnet har endra seg svært mykje bort frå det agrare. Nokre har dimed meint at «... det er betimelig å spørre om utmarka har blitt historie» (Fagerås, 2012 s. 279).

Nye ontologiar utfordrar utmarka

Dersom utmarka har blitt historie, kva er så dei nye ontologiane som dukkar opp? På mange måtar er utmarksområda no blitt ei slags slagmark mellom konkurrerande ontologiar der ingen ennå har vorte like dominante som den agrare utmarka lenge var. I det følgjande skal me presentere tre relativt nye ontologiar som no finnast kring den gamle utmarka. Desse tre, i tillegg til den agrare forståinga, er ikkje ei uttømmande liste, berre døme på nokre av dei mest sentrale ontologiane.

Den industrielle ontologien

Ein ontologi som har eksistert lenge no, og parallelt med den agrare ontologien i om lag 100 år, er den industrielle ontologien. Den industrielle røynda vart først festa og forma i tida etter år 1900, då vasskraftutbygginga skaut fart i Noreg. Dette var moderniteten sine år, der naturen skulle temjast og underleggjast menneska og vera til nytte for dei på ein anna måte enn kva den hadde vore i den agrare utmarka. I moderniteten sitt industrielle blikk vert det eit klart skilje mellom natur og menneske (Gellner, 1983) som truleg kan seiast å vera ontologisk annleis enn skiljet mellom innmark og utmark. Det som i den agrare utmarka var ein «dualistisk struktur» (Mæland, 2006) som speglar kvarandre, vart i den moderne, industrielle ontologien til noko som i mykje større grad er eit antagonistisk forhald. Trolla i Theodor Kittelsen sine maleri over vasskrafta er forviste og fortengde av lyset og teknologien, og naturen er til for å skapa både eit samfunn og kapital i vekst. Det er med industrialiseringa av fossane at både kapitalen og staten sin tidsalder først startar i utmarka (Fuglestad, 2023). Og med dette kjem altså inn ein ny ontologi, for den moderne staten og kapitalen ser ikkje det same som bonden ser: der bonden ser ei forlenging av garden sine ressursar, ser kapitalen og staten eit landskap med ressursar som kan administrerast og utnyttast, anten til akkumulasjon av kapital eller til å driva modernisering.

På heilt konkrete måtar endra røynda seg radikalt mange stader, slik at utmark vart til industristed, dalar forsvann under vatn, og fossar vart løynde i røyr og store demningar og vegar reiste seg mellom fjella. På den andre sida byrja staten kategorisera områda i den agrare utmarka med ein logikk der den meir sesongbaserte og fleksible agrare bruken kom i bakgrunnen for det som er vorte kalla ein rigid, rasjonalistisk kartesisk logikk (Brown et al., 2019). Samstundes vart utmarksressursane underlagt heilt nye juridiske rammer med til dømes konsesjonslovene av 1917. Her forma altså eit nytt blikk og nye prosessar røynda, både landskapet, bruken og institusjonane kring til ei ny forståing av kva røynda var. Fossen, vatnet og marka var ikkje her naturlege delar av eit agrart brukslandskap, men natur som kunne radikalt omformast og brukast i moderniseringsprosessen. Dette ontologiske blikket lever vidare i dag gjennom visjonane om det grøne skiftet. No er det som før var agrar utmark av mange forstått og sett som potensielle energiressursar som skal føra oss inn i det grøne og det digitale samfunnet med datalagringssenter, gruve drift og vindkraftproduksjon.

Leikeplassontologien

Eit anna ontologisk blikk som me så vidt såg dei fyrste sporane av omtrent samstundes med den industrielle ontologien, men som langt seinare skulle verte stort, er det me vil kalla for «leikeplassontologien». Dette omgrepet har me frå Engelsmannen W. C. Slingsby og boka han skreiv i 1904: *Norway – The Northern Playground*

(Slingsby, 1904). Slingsby var ein av dei fyrste som byrja bruke den norske fjellheimen som turist og vart i samtidan rekna som «den norske tindesportens far» (Snl.no). Det er nettopp sporten eller turismen som er sentralt i leikeplassontologien. I denne ontologien er den tidlegare nemnte spenninga mellom grunneigarskapet og fellesskapet viktig. Me kan sjå dette i friluftslova, der me også finn den vanlegast brukte definisjonen av utmark som «... det som ikke reknes like med innmark» (Friluftsloven, 1957 § 1a.). Her er den agrare utmarka utgangspunktet, men legg samstundes grunnen for noko anna. For kva seier friluftslova om bruken av utmarka? Her er det særskilt interessant å merka seg eit tilskot til friluftslova frå 1996 som seier at friluftslovas føremål er:

... å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes (Endringslov til friluftsloven, 1996).

I friluftslova er utmark i stor grad ein stad der folk skal kunna utføra «helsefremmende» og «trivselskapende» aktivitetar i «naturen». Her kjem også skilje mellom kultur og natur inn, sameleis som i den industrielle ontologien. Utmarka er i leikeplassontologien i stor grad vorten natur, der føremålet er rekreasjon, friluftsliv og turisme. Og alle har rett til å bruka utmarka i følgje allemannsretten, men brukarane no er ikkje dei same som før (Fedreheim & Sandberg, 2008). Store mengder folk frå inn og utland brukar no naturen som turistar (Førde, 2020, Flø, 2021) – og for mange av desse er det ikkje ei agrar utmark dei ser, men «a playground» - ein leikeplass.

Dette kan og bør setjast saman med større samfunnsendringar som har funne stad i det tjuande hundreåret. Den amerikanske filosofen Steven Best (1989) har vore opptatt av korleis varedanninga – som skaut jamt meir fart etter kvart som pengeøkonomien breia om seg – har vore med på å endre samfunnet. Dette er relevant også for dei ontologiske endringane me her snakkar om. Best seier at gradvis vart meir og meir omgjort til vare og etter kvart som sjølve vara også vart mindre konkret og jamt meir immateriell endra heile den sosiale strukturen kring forbruket av vara seg.

Overfører me Best sin tenking til utmarka, slik Bjørn Egil Flø (2021) og Flø og Frode Flemsæter (2021) har gjort, kan me sjå at med pengeøkonomien gjekk til dømes sauens frå å vere maten å bondefamilien til å bli vara som skaffa bondefamilien maten. Best namngir dette fyrste stadiet for *varesamfunnet* og poengterer at det skjedde ein transformasjon frå mat til matvare, og typisk her så vart vara eksportert ut av lokalsamfunnet for å bli forbrukt ein annan stad.

Det neste stadiet kallar Best for skodespelsamfunnet. Her går då sauens igjennom en transformasjon, no er vara opplevinga av å sjå bonden springe støvlane av seg under sauesankinga. Bonden er skodespelaren og sauens er kulissane i det me som publikummarar opplever som eit autentisk teater om bygdekultur.

I Best sitt siste stadium – stadiet han sjølv kallar simuleringsamfunnet – der deltek me sjølve i sauesankinga og simulerer at me er bønder. Så tek me bilde av oss sjølve og postar det på sosiale medium. Felles for Best sine to siste stadium, og i motsetnad til det fyrste stadiet, er at her inviterer me forbrukaren inn i lokalsamfunnet for å forbruke vara der. Men, dette nye forbruket er først og fremst ei oppleving og ein leik for forbrukaren. Den sentrale aktøren er ikkje lenger bonden eller industriarbeidaren som lagar ei konkret vare i utmarka, men middelklassen som er ute i marka for å skaffa seg opplevingar. Og, for å koma tilbake til friluftslova og spenninga mellom grunneigarskapet og fellesskapet, så vil me peika på at denne type bruk av utmarka er i ferd med å endra dei ontologiske rammene. Dette er truleg i stor grad gjort mogleg av allemannsretten som også er beskrive i friluftslova. Allemannsretten gjev rettsleg løye for det store fellesskapet av folk til ferdsel og bruk av utmarka som friluftsområde.

Denne utviklinga har også vore ein villa politikk. Kanskje er det eit ektefødd born av den nye liberale økonomiske politikken som kom til på 80-talet og framover? Uansett er det eit born Lars Sponheim gav fødselshjelp til. For då han sette seg i statsrådstolen for landbruks- og matdepartementet arva han ei landbruksmelding som neppe kunne vore betre tilpassa ein ny-liberal landbruksøkonom som Sponheimen. Før han hadde Kåre Gjønnes fått laga meldinga «Om norsk landbruk og matpolitikk» (St. meld. nr 19, 1999 - 2000) der han mellom anna staka ut vegen for ei satsing på lokal mat og nisjeprodukt som ein strategi for bønder der geografi og topografi la tydle

avgrensingar for stordriftsproduksjon av bulk produkt. Då Sponheim las meldinga to år etter at den var godkjent i stortinget vart det fart på satsinga. No skulle bøndene og grunneigarane i grendene «... ta heile garden ressursar i bruk» (Sponheim, 2003) eit uttrykk Sponheim gjorde til sitt gjentekne mantra. Den sokalla Fjellteksta¹ opna for at nasjonalparkar og verdsarvområder vart gjort til innsatsfaktorar for ny næringsutvikling. Utmarka og utmarkskulturen må kommodifiserast, sa ekspertane, og meinte at den skulle gjerast om til ei vare i seg sjølv og ikkje einast ei kjelde for å produsere mat og fiber.

Alt dette endra bygdene, det endra utmarka så vel som forholdet mellom menneskjer. Utmarka gjekk frå å vere kjelde for å produsere mat og fiber via ein grunnressurs for kraftkrevjande industri til å bli ein stad der folk frå både inn- og utland kunne ha naturopplevingar med støtte i allemannsretten og friluftslova. Me har gått frå ei utmark prega av å vere ein hushaldsressurs for bygdene, til ei utmark som vert jamt meir forbrukt av tilfeldige forbipasserande på leit etter leik og opplevingar. Med Sponheim og satsinga som kom i kjølvatnet etter Landbruk Pluss – samarbeidet mellom LMD og MD sumaren 2005 (*Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss*, 2005) – fann denne ontologien fast grunn.

Villmarksontologien

Ein siste ontologi som me vil visa til her er den me kan kalla villmarksontologien. Den kan seiast å ha sitt opphav så langt attende som først på 1800-talet, då interessa for bevaring av natur i vid forstand tok til å melde seg. Ei viktig årsak til dette var turismen og friluftslivet som vaks fram med slike som mellom anna tidlegare nemnde Slingsby og dei andre britiske lakselordane og tindevandrarane som starta vandre kring om i fjell- og fjord-Noreg. Slik sett deler villmarksontologien det same opphavet som leikeplassontologien.

Dei britiske turistane var utan unntak godt plassert i overklassa. Og nordmenn flest hadde nok vanskar med å forstå at nokon frivillig kunne kome hit for å vandre i fjellet berre for turens skuld. Ein eldre mann frå Lærdal i Sogn fortalte oss ein gong at der hadde det oppstått ein særskild måte å snakke om slike folk som dreiv å rende rundt på tindane; «enten er han spikande galen, eller så er han engelskmann». Fram til godt inn på 1800-talet var nordmenn flest skeptiske til fjellet. Dei gjekk dit berre om dei måtte, anten for å krysse fjellet for naudsynte reiser, for å sjå etter beitedyr som hadde gått langt ut frå setrane eller for å spe på hushaldsforrådet med reinskjøt.

Estetikken og det storlåtte ved fjellet var det få som såg og enno færre som gav uttrykk for. For utmarka, og då særleg fjellet, var slett ikkje ufarlege. Det kunne vere lange strekk utan moglegheit for tak over hovudet i fall uveret slo til, stiane kunne vere vanskelege å ta seg frem på og i tillegg laut ein passe seg for dei underjordiske. Så seint som i 1860 var det ennå folk som meinte at fjellet var langt frå vakkert og verd å oppleve. Den som les ferdamennene åt Aasmund Olavson Vinje si vidgjetne vandring frå Christiania til Trøndelag i 1860, finn fleire døme der lokalbefolkinga omtalar fjellet som både stygt og farleg. Som til dømes Kona frå Stavsbuøy «Du segjer, at Runden er fager du, nei stygg er han som den Vonde sjølv, og naar han kjem heim med sin Snjogufs og Vind Haust og Vetr, so er her mest ikki verande til for Folk men Troll». (Vinje, 1871: 103 - 104).

Men synet på naturen skulle snart endra seg, og mykje av denne endringa var inspirert av Jean Jacques Rousseau si tenking. Tenkinga hans låg også til grunn for dei første nasjonalpark-estableringane i Amerika, som mellom anna Yellowstone i 1872. Rousseau si skildringar av naturmennesket – dette edle mennesket i villmarka som levde sitt lukkelege og tilfredse liv i og med naturen – inspirerte ei naturvernørslle som såg på menneske og natur som eit «oneness —the great nature, embracing God and man, stars out in space, rocks and crystals here on earth. And so, nature invaded the consciousness of the world.” (Peattie, 1936: 271).

Her heime fekk ikkje dette synet politisk tyngde før tidleg på 1960 talet og me fekk vår første nasjonalpark i Rondane i 1962, kjempa fram av dei klassiske naturvernarnarane. Seinare følgde ei serie «slag» mellom industrinasjonen Noreg og naturvernarnarane. Med Mardøla aksjonen starta ei serie større og mindre kampar for

¹ I St.prp.nr 65 (2002-2003) ”Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003”, kjem det fram gjennom den sokalla ”Fjellteksten” (side 140), at verneområder kan nyttast i merkevarebygging.

vern av vassdrag og andre naturverdiar mot nedbygging, men aldri var det aktuelt å avvikle den tradisjonelle utmarksbruken i form av beite og jakt og fiske².

I det siste har me derimot sett at det har vakse fram det John Naustdalslid har kalla eit postmaterielt samfunn med eit postmaterielt natursyn. Dette har skjedd samstundes som at ikkje berre jordbruket, men også den klassiske vareproduserande industrien har vorte mindre dominante. Gradvis fekk me også her heime ei stor og dominante urban middelklasse som har:

... tatt over definisjonsmakta over samfunn og natur og dermed marginalisert, om ikkje radert bort, det natursynet som var med og gav den tradisjonelle periferien definisjonsmakt [...] Noreg er blitt eit postmaterielt samfunn med eit postmaterielt natursyn (Naustdalslid, 2020 s. 289).

I det nye natursynet er naturen sett utanfor samfunnet på ein anna og ennå meir framand måte enn i den industrielle ontologien. I dette natursynet har naturen verdi som urørt, og «villmarka den høgste og ideelle forma for natur» (Naustdalslid, 2020 s. 287). Dette til forskjell frå det agrare, industrielle og til del også leiken sitt ontologiske blikk der utmarka var sett som «kjelde for bruk og hausting, som jordbruk, skogbruk, jakt og fiske, men også grunnlag for industri og utvinning av ressursar (Naustdalslid, 2020 s. 286). Denne ontologiske endringa som finn sted føresett, som Sidsel Mæland er inne på, at

... utmarka på idéplanet isoleres eller løsrides fra det samfunnsmessige, fra det tradisjonelle produksjonslandskapet. Dette baner veien for den kulturelle konstruksjonen 'ren' natur, 'uberørt av menneskehender', bildet på det opprinnelige (Mæland, 2006 kap. 4, avsn. 5).

Slik blir det ikkje lenger snakk om verken utmark som agrar ressurs, som natur som skal brukast i modernisering og kapitalakkumulasjon, eller ein stad for leik og turisme. Her blir det som ein gong var utmark til røyndom som urørt natur, som villmark. Men denne ontologien er sjølv sagt heller ikkje utan sosiale, materielle og juridiske element. Den blir forma i samspel med internasjonale avtalar, statleg regulerte verneområde, miljøplanar og ville rovdyr, så vel som av korleis økologi og natur får større plass i samfunnet.

Avsluttande refleksjonar

Det er ikkje noko nytt i å peika på at det er mange konfliktar i utmarka. Tvert i mot er det vanskeleg å opna ei avis som til dømes *Nationen* utan koma over saker som handlar om dei vanskelege møta mellom turistar og lokal bygdekultur eller beiteinteresser, eller om motstand mot vindkraft. Heller ikkje i akademiske tidsskrift er det vanskeleg å finna faglege artiklar både på norsk og på engelsk som beskrev og analyserer konfliktar i den norske utmarka. Det nye i vår analyse er det ontologiske blikket på desse konfliktane i utmarka. Eit slikt ontologisk blikk krev at me går til dei heilt grunnleggjande føresetnadane for dei forskjellige konfliktane, og dersom me gjer det, så ser me at dette ikkje er konfliktar om korleis utmarka skal brukast, men heller konfliktar om kva utmarka er. Og då kan svaret fort bli at det ikkje lenger er ei utmark, men noko anna. Dette er ontologiske konfliktar som kjem av at forskjellige aktørar har forskjellige syn på kva det er snakk om. I ytste konsekvens betyr dette at me ikkje lenger kan snakka om «utmarka» som ein sams kategori.

Me kan kanskje ikkje lenger snakka om konfliktar i utmarka, fordi svært mange av dei som er med i desse konfliktane ikkje ser på seg sjølv som deltarar i «kampen om utmarka». I staden ser dei forskjellige aktørane forskjellige ting; nokre ser kanskje mineral og energiresursar som skal ta oss inn i det grøne skiftet. Nokre ser ein leikeplass for utfalding og sport, medan andre att ser urørt natur, ei villmark. So er det også nokre, men stadig færre, som framleis ser ei agrar utmark, ei forlenging av garden sine ressursar.

² Av omsyn til dyrelivet er det forbod mot å jakte i fuglefredingsområde og ein del naturreservat, men i mange verneområde kan du jakte og fiske så sant du har gyldig jakt- og fiskekort.

Det er viktig å understreka at viss analysane våre stemmer, så går konfliktane djupare enn at det finnast forskjellige tankar og meininger om korleis utmarka skal brukast; det er snakk om konfliktar som botnar i at det er vorte skapt forskjellige og konkurrerande ontologiar – røyndomar – kring same områda. Alle desse ontologiane er sett saman av både juridiske, materielle og sosiale delar. På same måte som den agrare utmarka er sett saman av bruksrettar, allmenningar, beitepraksisar og faktiske beitelandskap, så er den industrielle ressursen sett saman av konsesjonslovar, demningar, vindmølleparkar, statlege regulativ og prospekt. Sameleis er det med villmarka, som er sett saman av landskap, dyr (ville), statlege verneområde og folk sine blikk og tankar.

Alle aktørane bør ta innover seg at utmark ikkje er utmark for alle. Den gamle symbiosen av private og allmenne rettar som utgjorde den agrare utmarka har delvis fått nytt innhald og eit anna styrkeforhold. Dette bør ha særlege konsekvensar for dei forvaltningsorgana på lokalt og nasjonalt nivå som forvaltar utmarka. Her må ein stille spørsmål ved kva det faktisk er som forvaltast, ein må spørje seg kva ontologisk blikk ein sjølv har og kva ontologisk blikk dei forskjellige interessene i konfliktane har. Me vil tru at dei aller fleste i forvaltninga er inneforstått med at dei forvaltar utmark. Men, som me vonar at refleksjonane i denne artikkelen har vist, så er ikkje det så sikkert lenger. For røyndomen defineraast av dei som lever den ut og bruker den, og dei aller fleste som bruker naturen vår i dag har eit anna blikk og andre praksisar enn det agrare blikket og dei agrare praksisane som skapte utmarka. Når røyndomen endrar seg, må forvaltninga også henga med.

Litteratur

- Almås, R. (1977). Norsk jordbruk - det nye hamskiftet. Gyldendal.
- Almås, R. (2002). Frå bondesamfunn til bioindustri: 1920 - 2000 (Bd. IV). Samlaget.
- Arnesen, T. (2000). Utmark - grunneierskap og fellesskapet. Utmark - tidsskrift for utmarksforskning, 1(1).
- Best, S. (1989). The Commodification of Reality and the Reality of Commodification: Jean Baudrillard and post-modernism. Current Perspectives in Social Theory, 19, 23 - 51.
- Bjørlo, B. & Rognestad, O. (2019). Nesten ikke til å kjenne igjen. SSB. <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/artikler-og-publikasjoner/nesten-ikke-til-a-kjenne-igjen>
- Brown, K. M., Flemsæter, F. & Rønningen, K. (2019). More-than-human geographies of property: Moving towards spatial justice with response-ability. Geoforum 99:54-62.
- Brox, O. (1989). Kan bygdenæringene bli lønnsomme? Gyldendal.
- Brox, O. (2016). En særnorsk vei til velstand? Nytt Norsk Tidsskrift, 33(3), 219-228.
- Bunger, A. & Haarsaker, V. (2020). Færre og større melkebruk – kva skjer med seterdrifta? (3/2020). Agrianalyse.
- Campbell, H. (2020). Farming Inside Invisible Worlds. Modernist Agriculture and Its Consequences. Bloomsbury Academic.
- Carolan, M. (2004). Ontological Politics: Mapping a Complex Environmental Problem. Environmental Values, 13(4), 497-522.
- Endringslov til friluftsloven. (1996). Lov om endringer i lov av 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet. (LOV-1996-06-21-37). Miljøverndepartementet.
- Escobar, A. (2007). The ‘Ontological Turn’ in Social Theory. A Commentary on ‘Human Geography without Scale’, by Sallie Marston, John Paul Jones II and Keith Woodward. Transactions of the Institute of British Geographers, 32(1), 106-111.
- Fageraas, K. (2012). Har utmarka blitt historie. I F. Flemsæter & B. E. Flø (Red.), Utmark i endring (s. 265 - 283). Cappelen Damm Akademisk.
- Fedreheim, G. E. & Sandberg, A. (2008). Friluftsloven og allemannsretten i et samfunn i utvikling. Tidsskriftet Utmark, (1).
- Flemsæter, F. & Flø, B. E. (Red.). (2021). Utmark i endring. Cappelen Damm Akademisk.
- Flø, B. E. (2015). Bygda som vare - om bygda, elgen og folkeskikken [NTNU]. Trondheim.
- Flø, B. E. (2021). Bygda som vare. Arr Idéhistorisk tidsskrift, 33(1), 16 - 31.

-
- Flø, B. E. & Flemsæter, F. (2021). Utmark i endring - når nye tider gir andre tilhøve. I F. Flemsæter & B. E. Flø (Red.), Utmark i endring (s. 9 - 27). Cappelen Damm Akademisk.
- Friluftsloven. (1957). Lov om friluftslivet (LOV-1957-06-28-16). Klima- og miljødepartementet.
- Frostatingslova. (1994). (J. R. Hageland & J. Sandnes, Oms.). Det Norske Samlaget.
- Fuglestad, E. (2023) Då utmarka fekk grunnrenteverdi: om korleis ei meir aktiv forvaltning av grunnrenta frå utmarksressursane kan bidra til sosial berekraft mellom sentrum og periferi. Utmark – tidsskrift for utmarksforskning (1).
- Førde, A. (2020) Uro i turismens tidsalder. Stadkvaliteter under press. I R. Almås & E.M. Fuglestad (Red.), Distriktsopprør. Periferien på nytt i sentrum (s. 260 - 275). Dreyers forlag.
- Gellner, E. (1983). Nations and Nationalism. Cornell University Press.
- Gulatingslovi. (1937). (K. Robberstad, Red. & Overs.). Det Norske Samlaget.
- Mæland, S. (2006). Utmark - innmark, natur - kultur. En kulturanalytisk refleksjon. Utmark - tidsskrift for utmarksforskning, (2).
- Naustdalslid, J. (2020). Ulvekonflikten og periferiens politiske transformasjon. I R. Almås & E. M. Fuglestad (Red.), Distriktsopprør. Periferien på nytt i sentrum (s. 276 - 294). Dreyers forlag.
- Nerbøvik, J. (1999). 1860-1914: Eit bondesamfunn i oppbrot (Bd. 5). Det Norske Samlaget.
- Ostrom, E. (1990). Governing the Commons. The Evolution of Institutions for Collective Action. Cambridge University Press.
- Peattie, D. C. (1936) Green Laurels. The Literary Guild. New York
- Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss. (2005). Miljøverndepartementet & Landbruks- og mat departementet. Stortinget.
- Pryser, T. (1999). Norsk historie 1814-1860 : frå standssamfunn mot klassesamfunn. Samlaget.
- Randen, O. (2002). Brøyte seg rydning - bureisingstid og bureisarliv. Boksmia forlag.
- Reed, M. S. (2008). Stakeholder participation for environmental management: A literature review. Biological Conservation, 141(10), 2417-2431.
- Robberstad, K. (1963). Kløyvd eigdomsrett. Lov og Rett, 162 - 166.
- Sandström, C., Hovik, S. & Falleth, E. I. (Red.). (2008). Omstridd natur. Trender & utmaningar i Nordisk naturförlätnings. Boréa Bokförlag.
- Skjeggedal, T., Arnesen, T., Markhus, G., Saglie, I.-L. & Thingstad, P. G. (2001). Regimenes slagmark. Om arealutnytting og forvaltningsregimer i LNF-områder (2001/03). Nord-Trøndelagsforskning.
- Skjeggedal, T. & Clemetsen, M. (2017). Integrated and decentralised protection and development of mountain landscapes. Landscape Research, 1-13.
- Skjeggedal, T., Flemsæter, F. & Gundersen, V. (2021). Land use planning in disputed mountain areas: conflicting interests and common arenas. Journal of Environmental Planning and Management, 64(7), 1133-1155.
- Slagstad, R. (1998). De nasjonale strateger. Pax.
- Slingsby, W. C. (1904). Norway, the Northern Playground: Sketches of Climbing and Mountain Exploration in Norway Between 1872 and 1903. D. Douglas.
- Sponheim, L. (2003, 05. november). Tale for Den nasjonale kongress for økologisk landbruk. Upublisert manuskript. Hamar.
- Store norske leksikon (Snl.no) (2005-2007); Larsen, Arne: *William Cecil Slingsby* i Store norske leksikon på snl.no. Hentet 15. januar 2024 fra https://snl.no/William_Cecil_Slingsby
- Strand, G.H. (2021) (red). Verdiskaping i utmark. NIBIO Rapport. Vo. 7. Nr 175.
- SSB. (2023, 8. februar 2023). Gardsbruk, jordbruksareal og husdyr. <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/jordbruk/statistikk/gardsbruk-jordbruksareal-og-husdyr>
- St. meld. nr 19. (1999 - 2000). Om norsk landbruk og matproduksjon. Landbruksdepartementet.

-
- Tjos-Hanssen, O. (1983). Utviklingen av norsk viltlovgivning. I Stavanger Museums Årbok (Bd. 93, s. 53 - 67).
- Vinje, A. O. (1871) Ferdaminni fraa Sumaren 1860. 2. upplaget, Det Norske Samlaget, Christiania
- Winge, N. (2013). Kampen om arealene: rettslige styringsmidler for en helhetlig utmarksforvaltning. Universitetsforlaget.